



Svein Ottar Rørheim trur på betre jaktutbytte neste haust..

Leiar for hortevaldet Kjærland-Myklebust-Ytre Rød Svein Ottar Rørheim kan bekrefte inntrykket av ei svak hjortejakt i Uskedalen sist haust sjølv om det var lov å jakta fram til jul. Han kan melde om felling av 15 av 30 dyr og det var berre ei kolle blant dei felte.

Men Rørheim ser trass i alt noko positivt ved resultatet fordi produksjonsdyra vart spara. Dermed reknar han med at utbyttet vert betre kommande haust. Men Rørheim veit at jaktresultatet var svakt også på den andre sida av dalen

Grunnane til mindre jaktutbytte vert livleg diskutert men mange meiner at toppen no kan vera nådd i den største hjortekommunen i landet. Bestanden er i nedgang, vert det hevda.

Andre viser til vertilhøve og då ikkje minst den spesielle hausten og førvinteren. Ein ytterlegare grunn kan vera godt beite. I alle høve viser utbyttet store variasjonar.

Sjølv om utbyttet har vore sterkt varierende meiner viltforvaltar Leiv Trygve Varanes at den utvida jaktseasonen var eit vellukka vedtak.

I 2011 vart det felt 1250 hjortar i kommunen og det gav ein fellingsprosent på 78,2. Fjorårskvoten var 1605 og resultatet vert kjent om stutt tid.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen